



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet i Samnanger kommune</b>
<b>Møtestad:</b>	Fjernmøte - telefonmøte
<b>Dato:</b>	14.04.2020
<b>Tid:</b>	14:00 - 15:15

### Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Arild Røen	Leiar	H
Terje Hoseth Næss	Nestleiar	KRF
Silvana Amaral Da Silva	Medlem	BL
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Anne Tandstad	Medlem	SP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Audun Johannes Yndestad	Anne Tandstad	FRP

### Merknad

Anne Tandstad vart vurdert som inhabil i sak 11/20 etter Forvl §6, 2. ledd. Første vararepresentant Anette Espelid kunne ikkje møte, og dermed vart 2.vararepresentant Audun Johannes Yndestad kalla inn.

### Andre som møtte

Namn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Birte Bjørkelo	Forvaltningsrevisor, Deloitte (sak 11/20)
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor, Deloitte (sak 11/20)
Einar Ulla	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune

Arild Røen  
utvalsleiar

Einar Kåre Ulla  
utvalssekretær

# Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 4/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 5/20	Godkjenning av møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020	2019/94	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 11/20	Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet	2020/110	
PS 12/20	Årsmelding kontrollutvalet 2019	2020/128	
PS 13/20	Val av revisor for Samnanger kommune - tilråding frå kontrollutvalet	2020/78	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 4/20	FKT - Informasjon om midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner 2020	2019/28	
RS 5/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020	2019/28	
RS 6/20	Kontrollrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune Politiske saker	2019/101	
PS 14/20	<b>Eventuelt</b>	2020/79	

Godkjenningssaker

GK 4/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

### **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

#### **Handsaming i møte**

Møteinnkalling vart sendt ut 03.04.20 via e-post. Innkallinga er også lagt ut på kommunen si heimeside Det kom ikkje merknader til innkalling eller sakliste

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 5/20 Godkjenning av møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020

### **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ingen merknadar til møteprotokoll frå møta i kontrollutvalet 06.03.20 og 12.03.20.

#### **Vedtak**

Møteprotokollar frå møta i kontrollutvalet 06.03.2020 og 12.03.2020 vart samrøystes vedtekne.

Politiske saker

PS 11/20 Varsel om arbeidstilhøva i Samnanger kommune - status i arbeidet med undersøkingar omkring varselet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.

## **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

### **Handsaming i møte**

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 11-5, då det med stort sannsyn ville kome fram personalmessige opplysningar i møtet som er unntatt offentleg jf. Offl. § 13 jf forvl. § 13.

Deloitte orienterte deretter kontrollutvalet om status i arbeidet med dei undersøkingar som er gjort greie for i prosjektplanen (Vedlagt offentleg versjon). Kontrollutvalet fekk i møtet høve til å stille spørsmål til revisor vedr. framdrift, innhald i undersøkingane etc. Revisor vil halde kontrollutvalet orientert om framdrifta i prosjektet ved kommunikasjon mot leiar og sekretær.

Det vart under behandlinga i saka diskutert behov for tilleggsøyving til kontrollutvalet for å få gjennomført denne undersøkinga. Dette vil bli fremja for kommunestyret i møte 30. april.

Vedtaket i saka var samrøystes.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek statusrapporten frå Deloitte til orientering.
2. Kontrollutvalet ber kommunestyret om ei tilleggsøyving på kr. 200.000 for å få dekkja kostnadane ved revisjon av varselet.

PS 12/20 Årsmelding kontrollutvalet 2019

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

## **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

### **Handsaming i møte**

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak, slik det og har vore gjort dei siste åra. Leiar i utvalet peikte på at eit namn mangla i utkastet til årsmelding som var utsendt. Dette er no ordna slik at Silvana Amaral Da Silva er nemnt i årsrapporten som medlem av utvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet 2019.

PS 13/20 Val av revisor for Samnanger kommune - tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret i Samnanger kommune vel.....som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

### **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

#### **Handsaming i møte**

Sekretariatet presenterte i møte 14.04.2020 munnleg forslag til val av revisor for Samnanger kommune for perioden 01.07.2020 - 30.06.2024 med grunngjeving i høve til dei tre tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteken

#### **Innstilling**

Kommunestyret i Samnanger kommune vel BDO AS som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024

Referatsaker

RS 4/20 FKT - Informasjon om midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i kommuner 2020

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 5/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

RS 6/20 Kontrollrapport 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune

**Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

**Handsaming i møte**

Vedtaket i saka var samrøystes.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tek referatsaka til orientering.

Politiske saker

PS 14/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i 14.04.2020 - Kontrollutvalet i Samnanger kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det var ingen saker til behandling under eventuelt.

#### **Vedtak**

Ingen vedtak vart gjort.